

Barnesongar på nynorsk

STORBARNSAVDELING, DEL 1

Kva for dag har vi i dag?

Teksten finn du i boka *Syng sjøl* (G. Johnsen, Selja forlag 2004)

All verdas fuglar og dyr

Frå *Song for deg og meg* (O. Nordstoga (red.), Samlaget 2014)

Tekst: R. Rafaelsen, melodi: fransk folketone

All verdas fuglar og dyr har så morosame stemmer,
kom og høyr ein konsert, og så seier vi då slik:
Eg kan mjaue som ein katt.

All verdas fuglar og dyr har så morosame stemmer,
kom og høyr ein konsert, og så seier vi då slik:
Eg kan mjaue som ein katt. Eg kan bjeffe som ein hund.

All verdas fuglar og dyr ... (bygg vidare med eit nytt dyr for kvart vers):

... eg kan raute som ei ku,
eg kan kvitre som ein fugl,
eg kan grynte som ein gris,
eg kan snadre som ei and,
eg kan kneggje som ein hest.
All verdas fuglar og dyr har så morosame stemmer,
kom og høyr ein konsert, og så seier vi då slik.



Kråkevise

Trad.

Høgt i eit tre ei kråke.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Høgt i eit tre ei kråke sat.

Da kom ein gammal jeger.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Da kom ein gammal jeger fram.

Han skaut den stakkars kråka.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Han skaut den stakkars kråka ned.

Men da eit år til ende.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Men da eit år til ende var.

Da vart den stakkars kråka.
Sim sala bim bam ba sala du sala dim.
Da vart den stakkars kråka levande!



Reven er ein hønsetjuv

Regle, trad.

Ein, to, tre, fire, fem, seks, sju, reven er ein hønsetjuv.
Sju, seks, fem, fire, tre, to, ein, reven stal eit hønsebein.

Spela på ei ause

Teksten finn du i *Songboka mi* (J. Graasvoll, Det Norske Samlaget 1982)
https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2014062305015?page=139

I huset budde ein mann

Frå Song for deg og meg (O. Nordstoga (red.), Samlaget 2014)

Trad. frå Danmark

Ved vegen låg eit hus.

Ved vegen låg eit hus.

Ved vegen låg eit skomakarhus,
skom, skom, skomakarhus.

Ved vegen låg eit hus.

I huset budde ein mann.

I huset budde ein mann.

I huset budde ein skomakarmann,
skom, skom, skomakarmann.

I huset budde ein mann.

Og mannen hadde ei kone.

Og mannen hadde ei kone.

Og mannen hadde ei skomakarkone,
skom, skom, skomakarkone.

Og mannen hadde ei kone.

Og kona hadde ein son

Og sonen hadde ein hund ...

Og hunden hadde ei loppe...

No kan eg ikkje meir ...



5 små apekattar

Regle, trad.

5 små apekattar sat oppi eit tre.

Dei erta krokodilla: «Du kan ikkje ta meg her!»

Men så kom krokodilla, så diger og så svær,
og slupp! så var dei berre 4 aper der.

4 små apekattar sat oppi eit tre.

Dei erta krokodilla: «Du kan ikkje ta meg her!»

Men så kom krokodilla, så diger og så svær,
og slupp! så var dei berre 3 aper der.

3 små apekattar ...

2 små apekattar ...

Éin liten apekatt sat oppi eit tre.

Han erta krokodilla: «Du kan ikkje ta meg her!»

Men så kom krokodilla, så diger og så svær,
og slupp! så var det ingen apekattar der.

